# Os kyrkjeblad

DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 1 | 2025 | 80. årgang



| KONFIRMANTAR 2025 | VÅRKALENDER | OS-SPEIDARANE 80 ÅR |

# Rundt leirbålet

Korleis fyrer du opp eit bål? Har du lært å stable pagode, lage ein pyramide, eller hiv du berre avispapir og flis på toppen og håpar det beste? Her finst fleire skular, må vite. Du har dei som tenner på i botn, og dei som meiner det skal starte på toppen. Det blir nærmast filosofisk å spørre: Er målet eigentleg å få bålet til å brenne opp - eller brenne ned?

Er det nokon som kan bålbrenning, så er det speidarane. I Os har dei halde flammen levande gjennom frivilligheit, friluftsliv, kameratskap og kristen tru i 80 år. Det feirar vi i denne utgåva!

Også eller i kyrkja er vi oppteken av leirbål. Uansett korleis desse samlingane er stabla saman, er dei møteplassar som samlar oss og spreier varme. Ein stad å finne fellesskap, synge saman, eller sjå inn i lyset og finne ro. Kanskje eit lys i mørket?

Fyringssesongen er kanskje på hell, men i dette bladet kan du finne nye varmande lyspunkt i månadane som kjem. Og det er alltid plass til fleire kring leirbålet.



**Sigurd Rotvik Tunestveit**
Dagleg leiar, Os sokn
Fung. kyrkjeverje, Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

# DEN TOMME KROSSEN

Når kyrkjeklokkene ringer påskehøgtida inn påskeaftan, vitnar dei om at kyrkjehusa er berarar av historie og kontinuitet i bygdene og byane våre. Til saman dannar dei ei lenke som bind oss til kvarandre. Det er som dei syng oss saman.

I vårt bispedøme er vi medvitne om ei tusenårig historie med lag på lag av menneskets tru og tilbeding. Steinane og veggane i kyrkjehusa er levande fordi dei har teke imot smerte og liding, glede, kjærleik og sorg frå dei som har vore her før oss. Dei speglar gudslengt og gudsnærvær.

Det paradoksale er at dei også gjev rom for å synleggjere gudsfråvær.

Det sterkaste symbolet i kyrkjerommet vil alltid vere krossen. Symbolinnhaldet i krossen er fleirtydig. Den er eit dødsinstrument. Den er teiknet på oppstoda, og den er uttrykk for sameininga mellom Gud og menneske i Jesus Kristus. Krossen, slik vi kjenner den, vil alltid vere knytt saman med påskens bodskap: Jesu lidingssoge, hans død og oppstode.

I påskeforteljinga sine dramatiske døgn er det også ei tid då verda ikkje har nokon Gud. Frelsaren er i denne timen død. I kyrkjekunsten kjem det til uttrykk i motivet som skildrar korleis Jesu døde kropp vert teken ned frå krossen. Eit likklede vert strekt mellom krossarmane.

Mannen som sa at han var Gud, viser seg å vere av kjøt og blod som resten av oss. Og sjølv om vi som ser motivet også veit at berre om nokre få dagar, på påskemorgon, skal kristne over heile verda jublande synge «Kristus er oppstaden», er det som om vi enno ei tid må leve med eit opent spørsmål utan eit sjølvsagt svar. – Kva vil skje med oss? Kan verkeleg livet sigre over døden?

Verdas angst og menneskets oppleving av det meiningslause, av gudsfråværet, må også ha sin stad. For viss vi ikkje torer å setje ord på at det er slik, kan vi heller ikkje tale truverdig om at Gud som lir og døyr langfredag, også deler alle menneskes langfredagar. Og at oppstoda si glede og livskraft ein dag skal bli alle menneskes glede og livskraft.

Vi treng bodskapen om håpet og om den tomme grava. Vi treng det i vår del av verda, vi treng det over heile verda. Vi treng det no! For verda er råka av krefter som vil vondt. Det er vanskeleg å ta inn over seg den mengda av frykt og død vi ser omkring oss, nær oss og langt borte. Framfor denne påskehøgtida kjenner vi det igjen, og vi må ta det inn over oss.

I påsken feirer vi at lyset vinn over mørket. Og at vi skal få leve i det lyset. Det er ikkje lovnad om eit liv der alt er godt og smerte ikkje skal vere. Livet har lært oss at dagane kan vere mørke og sorga kjennes som ei klo i bringa som aldri slepp taket.
Men dei kreftene Jesus tek oppgjer med i gravkammerets rom, dei skal ikkje ta overhand. Dei skal ikkje sigre.

For Livet og Håpet er sterkare!

**Døden må vike for Gudsrikets krefter!**
**Livet er gjemt i et jordekket frø.**
**Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.**
**Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.**

Svein Ellingsen
Norsk salmebok nr. 209



**Ragnhild Jepsen**
Biskop i Bjørgvin
bjoergvin.biskop@kyrkja.no

DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd

| Os kyrkjeblad

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

**Utgjevar**
Os sokneråd
Postboks 209, 5202 Os

**Soknerådsleiar**
Tone Steinsund Hagevik
tonehagevik@gmail.com

**Redaksjonsleiar**
Sigurd Rotvik Tunestveit
st575@kyrkja.no

**Abonnement**
Bladpengar (frivillig) kr. 250/år
Bankgiro 3201 53 26354
Vipps 786791 | Merk betalinga "Bladpengar"
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 350/år)

**Opningstid kontor**
Øyro 49, 5200 Os
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

**Kontakt**
Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: post.os@kyrkja.no

**Forsida**
Iris passer bålet. Bilete frå speidararrangementet "Hele Norge båler".
Foto: Åshild Skaatun Hergum. Les meir på side 19-23!

**Trykk**
ETN grafisk | Opplag 9070

**Nettside**
www.kyrkja.no/os-vestland

Vår grøne kyrkjelyd

SVANEMERKET
Trykksak
2041 0749

TRYKT I NORGE
NO - 887

# GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



Søndagssamlingsbandet underhaldt om lag 100 i salen under årets "Strikk til Tunet"-basar 22. mars. (Foto: Inger-Johanne Haugland)




Diakon Ingrid Vik har med seg eit draumelag når det inviterast til Språkkafé i Tunet. Sjå kalender på midtsidene! Frå venstre: Ingrid, Torhild, Becky, Timothy og Ingeborg (Foto: Ingrid Vik)



Bålsjefar i 1. Os KFUK-KFUM, Baard Brattebø og Jostein Døsen var i sving i Mobergsvikjo under "Heile Noreg båler" i januar (foto: Åshild S. Hergum)



God lyd, høg sjarmfaktor og førjulsstemning i Os kyrkje då elevar frå Os barneskule deltok på Eldretreffets adventskonsert i desember. (Foto: Gerhard Hansen)







Matbord frå Messy Church i Nore Neset kyrkje: "Gud, vi ber om at det gode frå deg skal få vekse, inni oss og rundt oss" (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



Breiddfullt velkomsthjarte på døra (der du kan skrive namnet ditt) på veg inn til "Messy church" i Nore Neset kyrkje i mars (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)

Så flott kan det dekkast av dyktige frivillige i Tunet når det skal inviterast til verdige minnesamvær etter gravferd. (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



Den smått magiske musikaren "Trommelars" er innom Open barnehage om lag ein gong i månaden og tek med seg musikkleik med trommer, rytmer og lydar, til stor glede for både store og små. (Foto: Jan Frode Sandvik)





I bruktbutikken NMS Gjenbruk i Irisbygget blir du ynskt velkommen av blide medarbeidarar, og no òg ein spillter ny iPad til enkel registrering av parkering ved butikken. Dette går raskt og du kan stå ein time. Velkommen innom!
Hvis du ynskjer å jobba hos oss kan vi tilby eit trivleg fellesskap. Ta kontakt! (Foto: Eirik Norheim)



Gjestemusikarar Irina Dodonova og Daniiar Ri i samspel på domra og gitar under ein av musikkutvalets konsertar i Nore Neset kyrkje. (Foto: Inger-Johanne Haugland)

### KOReDu
Dette er koret for deg som går i 1. trinn til 7. trinn og likar leik, song, sosialt samvær, turar og moro! Her vil du kunne få vener frå alle skulekrinsane i Os sokn. På øvingane er det oppvarming, litt leik, øving på songar og vi avsluttar med kveldsmat. På hausten er vi med på Korfestival og no på våren set vi opp vår eigen konsert. Vi brukar Spond til å kommunisere med kvarandre og med leiarane. Annankvar torsdag for 1.-4.trinn og kvar torsdag for “tweens” frå 5. til 7. trinn. Er du nysgjerrig, eller kjenner du noko andre som kanskje kunne tenkje seg å bli med? Ta kontakt med Sylvi (sl828@kyrkja.no)!




**Familiekoret ShubaDubs** er for dei som er 2,5 år og til dei startar på skulen. Her har vi ringleikar song og denne våren øver vi litt på det å synge i kanon. Det er mange som står på lista som blir invitert kvar veke. Vi ligg på rundt 15 som møter kvar gang. Det er plass til fleire om det er nokon som har lyst til å prøve det ut. Øvingane denne våren er 6. og 20. mars, 3. og 24. april, 8. og 22. mai.
Vi samarbeida med KOReDu så du kan ha born i begge kora og vere tilstades i ShubaDubs.

**Osøyro Open barnehage** er eit tilbod for deg som har ansvar for barn (0-6 år) og har ynskje om å treffe andre i samme situasjon. Her kan du komme og gå gratis, samt oppleve eit pedagogisk tilbod, leia av barnehagelærar Anne. I barnehagen kan du få informasjon, råd og vegleiing om barns utvikling og oppvekst. Det er òg tilbod om babysong på formiddagen.

Den opne barnehagen er eigd og drive av Bjørgvin KFUK-KFUM. Open barnehage held til i Tunet på Os og er open kvar tysdag i skuleåret frå kl. 9-15. Vi legg vekt på samver med andre barn.

Det er felles lunsj for dei som ynskjer det, kl. 11.30 (Gratis for medlemmer i KFUK-KFUM, kr 50 for andre. Bli medlem!)

### Babysong/Krabbesong
Song og musikk er ein del av kroppen vår. På babysong/krabbesong vil barnet kjenne på rytmar og bli betre kjend med mor og far sine stemmer. Stemmene til mor og far er det finaste barnet veit om! Vi syng i om lag 30 minutt før vi legg til rette for hyggelege samtalar og erfaringsutveksling. I Nore Neset held vi på med songøkter kvar torsdag fram til mai. På tysdagane vil det vere babysong-tilbod på Open barnehage i Tunet heile skuleåret, fram til slutten av juni.

### Messy Church!



Etter først å ha vore ein pilot-kyrkjelyd for å teste ut “Messy Church”-konseptet frå England har vi halde fram med å bli ein ressurs-kyrkjelyd i dette fellesskapet i Noreg. No har det kome nytt materiell til dette opplegget, og vi har kome i gang med god kontinuitet i Nore Neset kyrkje i november og desember.
Messy Church er ein annleis gudstenestefeiring der vi saman jobbar oss igjennom bibeltekstar, men med ekstra fokus på å vere gjestfrie, og dele ein kreativ feiring for alle generasjonar med Jesus i sentrum.
Vårens samlingar med Messy Church i Nore Neset er: **9. mars, 25. mai og 22. juni**, og alle er hjarteleg velkomne!

### St. Georgsfeiring i Ervikane
Ta med familien på ei litt annleis gudsteneste i friluft!
27. april feirer vi St. Georgsdag i Ervikane. St. Georg er speidarrørsla sin skytsengel, og speidarar verda over markerer denne dagen den 23. april kvart år. Legenda om St. Georg brukast eit symbol for det gode sin siger over det vonde, og speidarane her i Os sett denne dagen fokus på det kristne verdigrunnlaget og til å fornye speidarløftet. Vandrarane startar feiringa med å overnatte ute. Alle er vel møtt til å feire gudsteneste saman med speidarane i Ervikane kl 11 denne søndagen. Etter gudstenesta vert det høve til å grille mat på bål og delta i ulike speidaraktivitetar. Vel møtt!



**Påska er ei stor og viktig høgtid i kyrkja. Vi feirar Jesu siger over døden, som gjer at vegen til Gud ligg open for oss. Ei rekkje bibelforteljingar har sitt opphav i påskeveka, frå palmesundag til påskedag. Vi inviterer deg til å ta del i feiringa og undringa i våre fellesskap gjennom denne høgtida!**

## DET SKJER I PÅSKA:

### TYSDAG 8. APRIL
Kl. 09.30 i Os kyrkje: Skulegudsteneste med Os barneskule - men open for alle!
Kl. 11.00 i Tunet kyrkje- og kultursenter: “Trommelars” på besøk i Osøyro Open barnehage
Kl. 11.30 i Nore Neset kyrkje: Seniortreff i Nore Neset kyrkje
Kl. 17.00 i Os kyrkje: “OPPLEV PÅSKA” - påskevandring for born født i 2020

### ONSDAG 9. APRIL
Kl. 11.45 på Oshaugen dagsenter: Andakt ved kapellan Jostein Enger
Kl. 12.00 i Tunet kyrkje- og kultursenter: Strikkeklubben “Strikk til Tunet” i Salongen

### TORSDAG 10. APRIL
Kl. 10.00 i Nore Neset kyrkje: Babysong
Kl. 11.00 i Nore Neset kyrkje: Krabbesong
Kl. 11.30 i Tunet kyrkje- og kultursenter: Senior-Koinonia
Kl. 17.00 i Tunet kyrkje- og kultursenter: Språk-kafé
Kl. 17.30 i Tunet kyrkje- og kultursenter: KOReDu Tweens (5.-7.trinn)
Kl. 20.00 i Os kyrkje: Kveldsbøn

### PALMESUNDAG 13. APRIL
**Kl. 11.00 i Os kyrkje:** Gudsteneste

### TYSDAG 15. APRIL
**Kl. 19.00 i Os kyrkje:** Påskemeditasjon - musikk til Pasjonstiden
Helge Haukås (trompet, flygelhorn) og Irina Tarasova (orgel/klaver)

### SKJÆRTORSDAG 17. APRIL
Kl. 11.00 på Luranetunet: Gudsteneste
**Kl. 19.00 i Nore Neset kyrkje:** Gudsteneste med kveldsmåltid

### LANGFREDAG 18. APRIL
Kl. 12.00 i Os kyrkje: Langfredagsgudsteneste

### 1. PÅSKEDAG SUNDAG 20. APRIL
Kl. 11.00 i Os kyrkje: Høgtidsgudsteneste

### 2. PÅSKEDAG 21. APRIL
**Kl. 12.00 i Smievågen:** Friluftsgudsteneste for store og små.
Bålkos og grilling etter gudstenesta - ta med eigen mat!

*Endringar kan koma -*
*følg gjerne med på kalenderen vår på nettsida www.kyrkja.no/os!*

**Medan påska er ei velkjend høgtid for dei fleste, er det nok mange som er mindre merksam på pinsen - det som skjedde 50 dagar etter hendingane i påska. Ordet “pinse” stammer opprinneleg frå det greske *pentecosté*, som tyder nett “femtiande”. Vi feirar at Gud sende Den Heilage Ande til menneska og slik er midt i blant oss i våre fellesskap. Få med deg ein flott konsert pinseaftan og den tradisjonsrike gudstenesten i Lysekloster kapell!**

## DET SKJER I PINSEN:

### PINSEAFTAN LAURDAG 7. JUNI
**Kl. 19.00 i Tunet kyrkje- og kultursenter:**
Konsert i Storsalen med Pavel Girunyan (klarinett), Sergey Letyagin (fiolin) og Irina Tarasova (piano)

### 1. PINSEDAG SUNDAG 8. JUNI
**Kl. 11.00 i Os kyrkje:** Høgtidsgudsteneste

### 2. PINSEDAG MÅNDAG 9. JUNI
**Kl. 11.00 i Lysekloster kapell:** Gudsteneste

# SOSIAL WEEKEND med JoinUs og konfirmanter RAKNESTUNET 14.-16. mars















*Foto av Isac Herland*

## UNGDOMSTUNET

**JOINUS**
Tid: Onsdagar klokka 18.30-21
Stad: Tunet

**KRIK OS**
Tid: Fredagar 18-19.30
Stad: Os aktiv

**PIZZA&BIBEL**
Tid: Om lag 1 søndag i månaden 19.00-20.30
Stad: Tunet

Ungdomsleiar
Harald Skoglund Dahler
Tlf: 482 61 164 | E-post: hd973@kyrkja.no

Prosjektarbeidar "Opne møteplassar"
Idun Fjeld
Tlf: 482 66 376 | E-post: if594@kyrkja.no

Les meir og følg oss på

@ungdomstunet | www.ungdomstunet.no | /ungdomstunet



# MUSIKK I KYRKJA

Musikkutvalet har kome i gang med tilskiping av mange gode konsertopplevingar, fortrinnsvis den 15. dagen i kvar månad. Anten det er Storsalen i Tunet eller eit av dei flotte kyrkjeromma som huser musikken er rammene glimrande for å oppleve musikk som lyfter, inspirerer og beriker. Vi trur dette er til glede og vekst for kyrkjelyden og håpar mange vil koma og høyre!

I månadane som kjem kan du mellom anna oppleve:

Fredag 25. april kl. 19.30, Storsalen, Tunet
**Vårkonsert med Join Us**

Tysdag 15. april kl. 19.00, Nore Neset kyrkje
**Påskemeditasjonar i pasjonstida**
Helge Haukås (trompet), Irina Tarasova (orgel/klaver)

Torsdag 15. mai kl 19.00, Nore Neset kyrkje
**Konsert**
Njål Vindenes (gitar), Irina Tarasova (orgel/klaver)

Laurdag 7. juni kl. 18.00, Storsalen, Tunet
**Konsert**
Pavel Girunyan (klarinett), Sergey Letyagin (fiolin), Irina Tarasova (klaver)

**Velkommen på konsert!**



**Irina Tarasova**
Kantor
it698@kyrkja.no

Fasade • Ventilasjon • Taktekking • Blikkenslagerarbeid
I.BJØRØ
KOBBER & BLIKK
- ETAB 1902 -
www.bjoroblikk.no post@bjoroblikk.no
✆56 300 481 Kolskogheiane 2, 5210 Os

KONFIRMANT







## Konfirmant 2026?

Velkomen til konfirmasjonstid i Os kyrkje. Dei fremtidige konfirmantane har mykje å glede seg til.

I konfirmasjonstida får ungdommane lære mykje spennande om seg sjølv, om tru, om Gud og den verda dei er en del av. Dei kan òg glede seg til å bli ein del av eit fellesskap.

Infomøte er 3.juni og påmeldinga opnar 9.juni. Meir informasjon kjem i brosjyra som blir sendt ut til alle døypte i slutten av mai.

Spørsmål? Ta kontakt med kateket Gro Helen Blindheim Skjælaaen.

DEN NORSKE KIRKE
Os kyrkjelyd

# KONFIRMANTAR I OS KYRKJELYD 2025

## Laurdag 3. mai 2025
Nore Neset kyrkje

*Kl. 10.15*
Adrian Tveit Håvardstun
Aurora Moberg Helgesen
Edvin Vangsnes Sælen
Elias Gaugstad Jørgensen
Haakon Lekven Sivertsen
Ingrid Marie Eide
Jon Fedje
Jonah Nesbø
Liv Solberg-Hansen
Maximilian Canizares Lyssand
Maximillian Hitland
Tori Døsen

*Kl. 12.00*
Askil Angel Bjelle
Elias Rafdal
Emil Øvreeide Johnsen
Ingrid Mæland Risøy
Jakob Rabben Bøthun
Karoline Strøm-Olsen
Maria Loeshagen Røttingen
Mathea Kvåle Hovland
Mie Lekven Haugland
Sebastian Ormehaug
Sebastian Dørmænen Øyjordsbakken
Sondre Nøkland
Steffen Nikolai Haukeland
Viktor Rotvik-Sæther
William Koldal Wold

*Kl. 13.45*
Aleksander Abusdal Tveit
Amalie Bøe Røttingen
Emil Fossdal Kaland
Emil Østervold Tøkje
Emilie Mathisen
Jim Aron Bøe Røttingen
Kamilla Bruarøy
Maria Dale
Odin Gripsgård Grindevoll
Samuel Jakobsen
Stine Marie Bach Lutro
Sverre Fjæreide Herland




## Sundag 4. mai 2025
Os kyrkje

*Kl. 10.15*
Emma Dorthea Mork Nygård
Emma Linnea Bahus
Johannes Garing Eide
Ludvik Nygård Reusch
Martin Hauge
Siri Anne Nygård

*Kl. 12.00*
Adele Mari Lien
Adrian Leonard Ramsdal Bøe
Dorthea Røykenes Hjelle
Emil Undheim Hunhammer
Frid Grønvigh
Jenny Marie Nordal
Jonas Knarvik Nordvik
Kristoffer Lid
Linnea Råheim
Maia Eli Bogevik
May Shana Haarstad
Nicolai Pihl
Peter Tvedt Thuen
Simen Brekke
Sofie Yoosuk Heimdal
Storm Bagge Jelen
Thea Celine Nguyen
Teodor Blindheim Nøss
Thomas Heggland Sælen
Timmy Midtsæter Pedersen
Victoria Alexsandra Nydal Larsson

*Kl. 13.45*
Arentine Sandmo Raa
Benjamin Nordbø Kuiper
Emil Botnevik
Maren Elisabeth Austgulen
Milena Kizeleviciute
Nathalie Jensen Kvamme
Sander Drange Rykkje
Sebastian Printzlau Wiik
Sebastian Herstad Valle
Vilde Maria Austgulen
Wilhelm Grude Borgen



## Laurdag 10. mai 2025
Os kyrkje

*Kl. 10.15*
Aurora Døsen Moberg
Fredrik Goris Solberg
Gunnhild Stamnes Bjaadal
Gustav Alfred Knag Bahus
Guttorm Alicaway Sævdal
Ida Marie Sandvik
Julie Moberg Bjørnør
Kendra Alvær Bergstø-Rennemo
Kristoffer Nordahl Grønvigh
Lars Jacob Johansen Orrebakken
Leah Mari Aaland Bach
Mads Bull Aarvik
Marie Dale Tveit
Maximilian Mo Monsen
Natnael Fisehatsion Ande
Ruth Varhaug-Lekven
Sarah Merith Lydie Eriksen
Thale Søreide Solberg
Tindra Marie Solheim
Vilde Oma Brakestad

*Kl. 12.00*
Amalie Heggland Hansen
Andreas Midtsæter-Svendal
Andreas Bjordal Salbu
Elias Opdal
Emilie Marie Hamre Heimdal
Emily Botnevik Eickhoff
Erik Christopher Graves
Hedda Gaassand Tvedt
Ingelin Bruvik Østevold
Jakob Ytredal
Lena Andrea Lekven
Leon Mikal Tro Stene
Malene Heggø Nordland
Maya Elizabeth Vinje Nydal
Morgan Heine Frostad
Olander Lundseng
Oliva Bakke
Sarah Samuelsen Arnholt
Signe Lothe Høvik
Silje Lothe Høvik
Sunniva Clark-Lekven
Thea Straus Håvik
Victoria Tulinius Hallseth
Victoria Sperrevik
Vilde Steensen

*Kl. 13.45*
Amalie Takvam
Andreas Røykenes Oppedal
Anna Johnsen
Christian Hallesby Evjedal
Eirin Støle
Elise Abusland
Elise Andrea Bos
Emma Gindl
Emma Jakobsen
Julie Eide Ure
Kristoffer Bratseth Bjørge
Leander Bjørndal Moberg
Marcus Lekven
Mathias Waage Dalseid
Maya Langhelle Nordvik
Mie Kristine Arentzen
Mikal Tyse Haugland
Peder Igland Lund
Sander Meland Ask
Sofie Palmqvist Aspenes
Thea Gurine Stabben Solesvik
Theodor Liljeroos-Sandal
Thomas Westvik
William Roksvåg



***Til lukke med den store dagen, og Guds signing over framtida!***

***Helsing Os kyrkjelyd***

## Sundag 11. mai 2025
Nore Neset kyrkje

*Kl. 12.00*
Anna Strønen
Caroline Rabe Nesheim
Ingebjørg Fykse Haga
Ivan Brimsholm Eidsvik
Joar Morfjord Valen
Julie Henne Skjold
Marielle Jensen Haugland
Nora Lekven Rasmussen
Patrick Thorsvik Askvik
Reni Ekerhovd Mjølkeråen
Sander Holmaas
Sigrid Elina Storebø
Tian Hagevik
Vetle Steinsland

*Kl. 13.45*
Aryan Nygard Taule
Henrik Dregelid-Hawkins
Jessica Haringstad Thuen

## Nytt frå fellesrådet:

# FORNYING PÅ NORE NESET

**I 2024 løyvde Bjørnafjorden kommune pengar til vidareutvikling og betre utnytting av arealet på Nore Neset kyrkjegard. No er planane klare.**

Dammen som ligg like nedanfor kyrkja har vorte meir gjengrodd i dei 25 åra som har gått. Samtidig har Nore Neset vorte tettare befolka og det er behov for betre kapasitet på kyrkjegarden. Dette vert no løyst ved å fjerne dammen og anlegge ein pen grusveg der trebrua no ligg. Store tre og naturformasjonar vert teke vare på, samtidig som ein får nye felt for urnegravar og minnelund med felles minnesmerke, såkalla “namna minnelund”.








*Arealet som skal bli nye urnegraver og namna minnelund er eit mindre damområde i dag. (Foto og figurar: Smedsvig Landskapsarkitekter)*

Dette prosjektet vil gjere at endå fleire kan koma til kyrkjegarden ved si lokale kyrkje på Nore Neset og minnast sine kjære. Både kyrkja og omlandet ligg tett på naturen her, og dette skal òg takast vare på inne på gravplassen, med lyngdekke, beplantning og gjennomtenkte løysingar. Dei overordna arkitektoniske ideane bak den opprinnelege utforminga av kyrkjegarden vert òg teke omsyn til. Arbeidet er planlagt å ta til etter sommaren. Vi gler oss til å ynskje velkommen til nye og gode omgjevnadar!

### KVA GJER BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD?

Fellesrådet har samordna ansvar mellom Os og Fusa for m.a.:
- Drift av kyrkjebygg og gravplasser
- Arbeidsgjevaransvar for dei tilsette i Os og Fusa sokn
- Samhandling mellom kyrkja og Bjørnafjorden kommune

I fellesrådet sit representantar frå Os og Fusa sokneråd, prosten i Fana prosti, og varaordføraren som representant for kommunen. Kyrkjeverje er sekretær for rådet.

DEN NORSKE KYRKJA
Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

**Nettside**
kyrkja.no/bjornafjorden

**Kontakt**
Tlf: 56 57 24 00 | E-post: post.bjornafjorden@kyrkja.no

**Fellesrådsleiar**
Lars Erik Dalland
E-post: ledalland@gmail.com

**Fungerande kyrkjeverje**
Sigurd Rotvik Tunestveit
Tlf: 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no








# FRIVILLIG
## i Os kyrkjelyd?

I løpet av eit år er det mange aktivitetar i Os kyrkjelyd som involverer frivillige. Nokre aktivitetar finn stad jamleg, gjerne kvar veke eller annakvar veke, mens andre aktivitetar skjer meir sporadisk eller ein gong i året. I dag har vi om lag 180 frivillige i sving i de ulike aktivitetane – men vi har alltid rom for fleire!

Det er mykje man kan engasjere seg i, men noko vi ønskjer å sette på lys på denne våren er det å vere medhjelpar ved minnesamvær og medhjelpar ved gudstenester og kyrkjekaffi.

**Medhjelpar ved minnesamvær**

Ved førespurnad og ledig tilgjengelegheit, leiger vi ut lokalar i Tunet til minnesamvær. Då tilbyr vi utleige av lokale eller ein pakke med både lokale, oppdekking og servering. Ved sistnemnte, er vi avhengige av frivillige medhjelparar som stiller opp. Medhjelparane arbeidar i team på vanlegvis 3-6 stk, avhengig av kor mange gjestar som ventast. Minnesamvær skjer på dagtid i, hovudsakeleg onsdagar og fredagar.

Ved utleige til minnesamvær går all inntekt til nedbetaling av Tunet.



**Ine Sofie Moen**
Frivilligkoordinator
im763@kyrkja.no

**Medhjelpar ved gudsteneste og kyrkjekaffi**

Å lage til gudsteneste er eit samarbeid mellom de tilsette og frivillige. Gudstenester skjer hovudsakeleg søndag formiddag, men førekjem av og til også på andre tidspunkt. Her kan du lese kort om oppgåvene frivillige gjer under ei gudsteneste.

Kyrkjevert: Ønskje folk velkomen i døra, dele ut salmebøker og kunngjeringsark, ta i mot kollekt m.m.

Dåpsvert: Ønskje dåpsfamiliane velkomen og vise de til rette, være tilgjengeleg for familiane m.m.

Tekstlesar: Lese bibeltekst, bønner og evt. annet høgt under gudstenesta.

Nattverdsmedhjelpar: Hjelpe presten med utdeling av nattverd.

Kyrkjekaffi: Kyrkjekaffi er ei sosial forlenging av gudstenesta. Det er ein viktig og uformell møteplass, som finn stad i Tunet. Det er ikkje noko tungt arbeid, da stoler og bord riggast på førehand. Du skal i all hovudsak koke kaffi, finne fram kjeks og ønskje folk velkommen.

Som frivillig i Os kyrkjelyd er du ein del av eit fellesskap, med mange aktivitetar og møteplassar ein kan ta del i. Å vere frivillig er heilt opp til deg – kor ofte du har lyst til å vere med, vel du sjølv! Nokon er med fleire gonger i månaden, andre er med ein gong i halvåret.

Om du tenkjer at det å vere frivillig kan vere noko for deg – anten som medhjelpar til minnesamvær eller gudstenester og kyrkjekaffi, eller inn mot andre aktivitetar – scan QR-koden og fyll ut skjemaet, så tar vi kontakt med deg!




# Bli med på FASTEAKSJONEN 2025

**Kva er fasteaksjonen?**

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon «Håp i en dråpe vann» skjer 6.-8. april 2025, over heile landet. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er Noregs nest største innsamlingsaksjon som engasjerer rundt 40 000 frivillige bøsseberarar frå 1200 norske kyrkjelydar.

**Kva går pengane til?**

Saman med kyrkjene i Noreg arbeider Kirkens Nødhjelp med akutt bistand i katastrofar og med langsiktige prosjekter for å redusere nød og fattigdom i verden. Under fasteaksjonen samlar vi inn pengar til dette livsviktige arbeidet. Kvar krone dykk samlar inn er helt avgjerande for at vi kan igangsette store nødhjelpsoperasjonar når katastrofar inntreff.

I 2024 blei det samla inn 35 millionar kroner. I Os åleine blei det samla inn heile 204.503 kroner – det plasserte oss på sjuandeplass i heile landet i 2024!

**Korleis kan DU bidra?**

Søndag 6. april går konfirmantar og andre frivillige frå dør til dør med bøsser – ta dei godt imot!

Om du ikkje er heime når bøsseberarane kjem, kan du framleis bidra! Vipps eit bidrag til 2426 eller gje til vår lokale digitale Spleis-innsamling. Den finn du på spleis.no/fasteaksjonenisos eller ved å scanne QR:

**Det er mogleg å gi eit bidrag på Spleis fram til onsdag 9. april!**

## Aksjonsdagen i Os kyrkjelyd SØNDAG 6. APRIL

Vi startar dagen med **tema-gudsteneste i Os kyrkje kl. 11:00**.

Deretter tek vi turen til "aksjonssentralen" på Tunet, kor det blir kyrkjekaffi og utdeling av bøsser. Konfirmantar gjer ein stor innsats med å gå frå dør til dør, og dei treng fleire med på laget! Alle som vil og kan er velkommen til å vere med - hent deg ei bøsse i Tunet etter gudstenesta og lever inn til tellekorpset når du har fullført ruta di. Du kan vere ei livsviktig "drope i havet" denne dagen!



# OPPSTARTSPRAT

I februar var me så heldige å få med oss to nye kolleger på laget! Idun Fjeld er prosjektarbeider i ungdomsarbeidet, og Jostein Enger er vår nye kapellan. Me har teke ein prat med dei, for å bli litt betre kjent.



Hei Idun! Kan du fortelje litt om deg sjølv?
Eg er Idun, fødd i 1998. Snart ferdigstudert sosialantropolog, musikant og båtbebuar i Solheimsviken. Eg vart født på Gjøvik, men har budd i Skogsvåg på Sotra sidan eg var fire år. Har bakgrunn frå Kongshaug Musikkgymnas, Forsvaret, Bibelskolen i Grimstad og Universitetet i Bergen.

Spennande! Kva liker du å gjere på fritida?
Sitja i ro og sjå ut vindauget, gå tur i skogen, byggja ting og ha kvalitetstid med gode venner. Liker å skriva musikk, helst utan noko formål. Er glad i tog og å utforska nye stader i Noreg. Å læra folk å kjenna er favorittaktiviteten min.

Så kjekt! Kva ser du fram til i din nye jobb som ungdomsarbeidar?
Rutinar i livet, ugunstige arbeidstider og mykje kaffiprat. Gleder meg til å bli kjend med kollegaene på kontoret og ungdommane i Os. Mest av alt ser eg fram til å bidra til å skapa ein open møteplass der alle slags ungdom kan kjenna seg sett, utfordra og vareteke.

Sist, men ikkje minst, kan du beskrive deg sjølv med tre ord?
Luring, analytikar, kreativ.

---



Hei Jostein! Kan du fortelje litt om deg sjølv?
Eg vart født for femti år sida, har vakse opp på Fagernes i Valdres, med ski og snø «halve året». Der har eg dessutan budd med familien min dei siste 18 åra, og jobba som sokneprest i tre små sokn. Eg er gift med Hanne-Norunn frå Os, og har «barna» Johanna (20), Astrid (18) og Eivind (16). Som oftast er eg imøtekommande og vennleg, glad i folk og god til å lytta. Eg trivst også med «åleinetid», og då er det jo fint å bu landleg til i Nordvik i Lysefjorden – akkurat utanfor kommunegrensa!

Kjekt å høyre! Kva ser du fram til i din nye jobb som kapellan i Os?
Eg er takksam for ein varm velkomst her i Os. Eg ser fram til å jobba med gode kollegaer og positive frivillige. Og kanskje kan eg vera med å utgjera ein forskjell for folk i ulike livssituasjonar? Akkurat no gler eg meg over Nore Neset kyrkje, som fyller 25 år i år. Og så gler eg meg til å vera med på Regnbogemesse i Os kyrkje i juni.

Det gler vi oss også til! Kva liker du å gjere på fritida?
Eg tek meg ofte ein tur til skogs – eller ein joggetur langs vegen. Eg koplar av på hytta på Engesund. Gjerne med eit lite prosjekt som krev drill, pensel eller motorsag.

Vi avsluttar med ein klassikar; kan du fortelje ein funfact om deg sjølv?
Hmm... det er kanskje ikkje heilt en funfact, men ein gong sat bror min ein heil togtur frå Bergen til Oslo og prata med ein som trudde han snakka med meg. Misforståinga vart ikkje oppklart med ein gong, og etter Arna var det liksom for seint...

Hahaha, då er de vel ganske like?
Ikkje eigentleg, ifølgje meg sjølv!

Vi er glade for å ha dykk begge med på laget - velkommen i kyrkjelyden!

*Tekst: Ine Sofie Moen*

# Os kyrkjelyd Vårkalender

*Napp ut og heng opp!*

<table>
<tr><th>MÅNDAG</th><th>TYSDAG</th><th>ONSDAG</th><th>T ORSDAG</th><th>FREDAG</th><th>LAURDAG</th><th>SUNDAG</th></tr>
<tr><td>31<br>mars<br>Speidaren</td><td>1<br>april<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Eldretreff Kløvertun</td><td>2<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>3<br>Babysong | Krabbesong Nore Neset<br>ShubaDubs<br>KOReDu</td><td>4<br>KRIK Os Aktiv</td><td>5</td><td>6<br>Os 11<br>Fasteaksjonen 2025</td></tr>
<tr><td>7<br>Speidaren</td><td>8<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Os 09.30<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje<br>Opplev påska Os kyrkje</td><td>9<br>Strikk til Tunet</td><td>10<br>Babysong | Krabbesong Nore Neset<br>Senior-Koinonia<br>Språkkafé | KOReDu Tweens<br>Kveldsbøn Os kyrkje</td><td>11<br>KRIK Os Aktiv</td><td>12</td><td>13 Palmesundag<br>Os 11</td></tr>
<tr><td>14</td><td>15<br>Konsert: Påskemeditasjonar<br>Nore Neset kyrkje</td><td>16</td><td>17 Skjærtorsdag<br>Luranetunet 11<br>NN 19<br>Kveldsmat Nore Neset</td><td>18 Langfredag<br>Os 12</td><td>19</td><td>20 1. påskedag<br>Os 11</td></tr>
<tr><td>21 2. påskedag<br>Smievågen 12</td><td>22<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>23<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>24<br>Krabbesong Nore Neset<br>Senior-Koinonia<br>ShubaDubs | KOReDu<br>Årsmøte i Os sokn</td><td>25<br>KRIK Os Aktiv<br>Vårkonsert JoinUs</td><td>26</td><td>27<br>Os 10 + 11.15<br>Ervikane 11<br>Søndagssamling<br>Aldri Åleine | Pizza & Bibel</td></tr>
<tr><td>28<br>Foreldre møter foreldre<br>Prosjektkor til jazzmesse<br>Speidaren</td><td>29<br>Open barnehage | Babysong Tunet</td><td>30<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>1 Arbeidardagen<br>mai</td><td>2<br>KRIK Os Aktiv</td><td>3<br>NN 10.15 + 12 + 13.45</td><td>4<br>Os 10.15 + 12 + 13.45</td></tr>
<tr><td>5<br>Foreldre møter foreldre<br>Prosjektkor til jazzmesse<br>Speidaren</td><td>6<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Eldretreff Kløvertun</td><td>7<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>8<br>Senior-Koinonia<br>ShubaDubs<br>KOReDU<br>Kveldsbøn Os kyrkje</td><td>9<br>KRIK Os Aktiv</td><td>10<br>Os 10.15 + 12 + 13.45</td><td>11<br>Os 11<br>NN 12 + 13.45</td></tr>
<tr><td>12<br>Foreldre møter foreldre<br>Prosjektkor til jazzmesse<br>Speidaren<br>Konsert Os kyrkje</td><td>13<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>14<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>15<br>Språk-kafé<br>KOReDU Tweens<br>Konsert Nore Neset</td><td>16</td><td>17 Grunnlovsdag<br>Os 10<br>Kiosk i Tunet</td><td>18</td></tr>
<tr><td>19<br>Foreldre møter foreldre<br>Prosjektkor til jazzmesse<br>Speidaren</td><td>20<br>Open barnehage | Babysong Tunet</td><td>21<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>22<br>Senior-Koinonia<br>ShubaDubs<br>KOReDU</td><td>23<br>KRIK Os Aktiv</td><td>24</td><td>25<br>Os 10 + 11.15<br>NN 11<br>Aldri Åleine<br>Pizza & Bibel</td></tr>
<tr><td>26<br>Foreldre møter foreldre<br>Prosjektkor til jazzmesse<br>Speidaren</td><td>27<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>28<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>29 Kristi himmelfartsdag<br>Os 17 | Jazzmesse</td><td>30</td><td>31</td><td>1<br>juni<br>Nore Neset 11</td></tr>
<tr><td>2<br>Foreldre møter foreldre<br>Speidaren</td><td>3<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Infomøte for konfirmantar 2026</td><td>4<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>5</td><td>6<br>KRIK Os Aktiv</td><td>7</td><td>8 1. pinsedag<br>Os 11</td></tr>
<tr><td>9 2. pinsedag<br>Lysekloster kapell 11</td><td>10<br>Open barnehage | Babysong Tunet<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>11<br>Strikk til Tunet<br>JoinUs</td><td>12<br>Språk-kafé<br>Kveldsbøn Os kyrkje</td><td>13<br>KRIK Os Aktiv</td><td>14</td><td>15<br>Os 11</td></tr>
<tr><td>16<br>Foreldre møter foreldre Tunet<br>Speidaren</td><td>17<br>Open barnehage | Babysong Tunet</td><td>18<br>JoinUs</td><td>19</td><td>20<br>KRIK<br>Happening</td><td>21</td><td>22<br>NN 11<br>Os 11</td></tr>
<tr><td>23<br>Skapingsdagane</td><td>24<br>Skapingsdagane<br>Seniortreff Nore Neset kyrkje</td><td>25<br>Os 14 | Skapingsdagane</td><td>26</td><td>27</td><td>28</td><td>29<br>Os 11</td></tr>
<tr><td>30</td><td>1<br>juli</td><td>2</td><td>3</td><td>4</td><td>5</td><td>6<br>Os 11</td></tr>
</table>

**Aktivitetane foregår i Tunet om ikkje anna er nemnt. Sjå nettsida www.kyrkja.no/os for oppdateringar, detaljar og påmelding!**

DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd


Daniel Røksund
938 26 432


Alexander Olsen
473 80 260

Vi kjenner Os

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi love deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.

Kom innom vårt kontor i Os sentrum

Ring oss 915 05560

Kontakt oss på emvest.no

Kom innom kontoret vårt i Os sentrum.

EiendomsmeglerVest




# 1. Os KFUK-KFUM-speidarar jubilerer: ALLTID BEREDT I 80 ÅR




*Frå heftet "Reis Opp Guds Unge Folk" om det kristne ungdomsarbeidet i Os, Ekstranummer av Os kyrkjeblad i 1971. Foto: Øivind Ingvaldsen*



*Roverpath på Smedholmen: Osingar i arrangementskomité i og bak kanoen. Frå høgre: Ingeborg Øvreeide Holmark, Andreas Brattebø, Emma Orrebakken Johansen, Matias Døsen Pontoppidan, Per Bolstad og utflytta osing Embla H. Ulvatne Rath. (Foto: Ingeborg Ø. Holemark)*

# LIVSKRAFTIG 80-ÅRING



*Leirførebuing i Tunet ein måndags kveld: Det produserast leirsstolar på speiderloftet. Foto: Torbjørn Hergum*

*Stamfar: Grunnleggjar Robert Baden-Powell starta speidarrørsla i 1907.*



*Grunnleggjarar av 1. Os og livslange kameratar: Sverre Kolaas og Paul Martin Sælen. Foto utlånt av Gunnar Kolaas.*





*Leiarane Inger Kobbeltvedt og Lill-Karin Anundsen ved 10-årsjubileet til Os sin KFUK-tropp. Utklipp frå Os & Fusaposten 1985.*

## Beveger du deg ute

ein sein måndag ettermiddag, kan det hende du støter på dei: barn og unge med gule, raude, blå, grønne eller burgunderfarga skjerf. Dei brenn bål i Kuvågen eller Mobergsvikjo, padler kano i Sigurdsvika eller ved Er-An. Dei seglar seglbåt eller ror oselvar på fjorden. Dei lærer fyrstehjelp på Kyrkjeflaten eller inne i Tunet. Dei lagar mat på bål, klatrar, bygger leirminiatyr, lærer å samarbeide og å ta vare på kvarandre.  Dei er speidarar i 1. Os KFUK-KFUM-Speidere. Vi driv speidararbeid etter dei fem kjerneverdiane: friluftsliv, personlig utvikling, fellesskap, samfunnsengasjement og kristen tru.

Det starta i 1907 då den britiske offiseren Robert Baden-Powell samla unge gutar frå ulike samfunnslag til leir på Brownsea Island, sør i England. Han meinte at i speidaren kunne alle vere like og tileigne seg dei same dugleikane. Trusfundamentet var viktig for ham. Speidar-ideen spreidde seg raskt. I dag er det speidarar i nesten alle verdas land, til sammen om lag 50 millionar.

Speiding i Noreg
I 1909 vart dei fyrste speidargruppene etablerte i Noreg. I 1911 vart Norsk Speiderguttforbund etablert, i 1920 Norges KFUK-speidere og i 1921 Norsk Speiderpikeforbud. I 1978 slo Norsk Speiderpikeforbund og Norsk Speiderguttforbund seg saman til Norsk Speiderforbund – NSF. KFUM-speiderne gjekk ikkje med inn i det samarbeidet. I 2003 slo dei seg saman med KFUK-speidarane og vart til KFUK-KFUM-Speiderne. No var speidararbeidet i Noreg samla i to forbund. Det har vore ein del samarbeid mellom desse om enkeltarrangement. Sommaren 2025 arrangerast det felles landsleir for fyrste gong. Det forventast at 12 000 speidarar frå inn- og utland samlast på Gjøvik ei veke i juli.



## 1. Os KFUK-KFUM speidarar 1945-2025



*Åsa og Ingvild i leirbålskapper på landsleir i 2022*

Speiding i Os
Dei fyrste speidargruppene i Os såg dagens lys i 1929. I mellomkrigstida var det speidergrupper knytt til dei ulike forbunda rundt omkring i grendene i Os. Fleire stader varte aktiviteten berre nokre år grunna leiarmangel. 11. september 1941 vart speiding forbode i Noreg under okkupasjonen, men mange stader fortsatte arbeidet i smug. Speidararbeidet kom styrka ut av krigen.  Etter krigen har det vore speidargrupper tilknytt både KFUK-KFUM-Speiderne og NSF i Os. Nokre er lagt ned og eit par KFUK-speidargrupper er slått saman med 1. Os KFUK-KFUM-Speidere. Dette gjeld Lysefjorden 1, som var drive av Lars Kongsvik og Marit Sørfonden Lutro nokre år. Os 2 vart starta av Inger Kobbeltvedt i 1975, og hadde stor aktivitet i fleire år, før aktiviteten dabba av mot slutten av 1990-tallet. Gruppeleiarar her etter Inger var Lill-Karin Wallem og Bjørg Sørfonden Bye.



*To av KFUK-speidarane, Ingvild og Liv, på leir i 1992 - henta frå eit gamalt speidarblad. I dag er begge to aktive leiarar i 1. Os KFUK-KFUM.*



*Troppsførar Eirik Norheim får heidersmerket av sin etterfølgjar Per Solberg.*



*Etter Per leia Øyvind Sundfjord gruppa i 12 år. Foto: Per Solberg*






*Breie smil under presenningen på landsleir i Forsand sommaren 2022.*

*Eldstova i Tunet er gjort om til systue for masseproduksjon av leirbålskapper. Foto: Åshild Skaatun Hergum*



1.Os KFUK-KFUM-speidere
1. oktober 1945 starta Sverre Kolaas og Paul Martin Sælen opp ein gutespeidartropp, 1. Os KFUM. I 1973 starta Nils Georg Brekke opp ein sjøspeidargruppe innanfor 1. Os. Den hadde nokre aktive år utover 70-tallet.
Sidan det ikkje var aktive jentespeidargrupper ved overgangen til nytt årtusen, søkte Per Solberg i 2000 om løyve til å ta opp jenter i KFUM-speidergruppa. Det fekk han. 3 år seinare såg det felles forbundet, KFUK-KFUM-Speidere, dagens lys, og gruppa består i dag av aktive jenter og gutar i alle aldrar.

At 1.Os KFUK-KFUM-Speidere er ein stor og livskraftig speidargruppe etter 80 år, skuldast at det heile tida har vore nokon som har vore villige til å ta ansvar som gruppeleiar når nokon har hatt behov for avløysing. Etter at Sverre Kolås flytta i 1951, overtok Paul Martin Sælen hovudansvaret. Han sette ein suveren rekord på om lag 30 år. Etter at Paul Martin Sælen gav seg, tok sønene hans Paul Hans og Eivind over som leiarar nokre år før Eirik Norheim tok over. Etter han fulgte Per Solberg og Øyvind Sundfjord, før underteikna overtok stafettpinnen i 2023. Men gruppeleiarane har ikkje stått åleine. Vi hadde aldri vore der vi er utan dei mange, mange som har teke ansvar som leiarar, og foreldre som har stilt opp og bidrege.
Dagens speidarar i Os er aktive på mange plan, lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Frå 11-årsalder kan dei vera med på landsleir kvart fjerde år. Kvart fjerde år inviterast speidarar mellom 14 og 17 år på verds-speidarleir med 40-50 000 deltager frå meir enn 150 land. Speidarar frå Os har dei siste gongane vore på jamboree i Sverige 2011, USA 2019 og Korea 2023. No håpar vi det vil vere mogleg å ha med deltakarar til Polen i 2027.



*Presenningen er omsider bytta ut med forsamlingstelt, testa og godkjent på Kyrkjeflaten. Utstyret er klart for ny landsleir til sommaren!*



*Masseproduksjon av pinne-kanelboller (eit typisk speidarprodukt) under "Heile Noreg båler" i januar (Foto: Åshild Skaatun Hergum).*



Roverar – speidarar mellom 16 og 26
Vi er stolte av roverane våre. Dei har vore med i speidaren frå fyrste klasse eller tidleg barneskulealder. No er dei med og tek ansvar både regionalt og nasjonalt. Dei arrangerar patruljeførarkurs og ungdomsturar i krinsen. Dei er med som arrangørar og i stab på nasjonale arrangement. Sommaren 2024 var 5 av "våre" med å arrangere internasjonal roverpath på Smedholmen i Fitjar.
Bærebjelka i arbeidet er, og vil alltid vere, dei vekefaste møtene gjennom skuleåret. Den raude tråden i alt det mangfaldige speidararbeidet er at vi søkjer å utvikle oss som heile menneske i tråd med de fem kjerneverdiane våre gjennom leik og aktivitet.
Du veit, slikt du framleis kan sjå om du beveger deg ute ein sein måndags kveld på Os.
Hurra for ein livskraftig jubilant!



*Vi hever turkoppen for speidaren 80 år! Bilete frå landsleir i 2022, då vi kunne fylle koppen med regnvatn frå presenningstaket.*

**Kjelder: Bygdesoga for Os, Per Solberg, Nils Georg Brekke, Lill-Karin Wallem og Inger Kobbeltvedt.**
**Tekst og innsamling av foto: Margrethe Holmboe Askeland.**



*Odin og Simen på landsleir 2022. Blir du med til sommaren? (Foto: Åshild Skaatun Hergum)*

**BLI MED Å FEIRE SPEIDAREN I OS KYRKJE!**

Jubileumsgudsteneste søndag 28. september

**Vel møtt!**

# FRÅ KYRKJEBØKENE

## Døypte

### Velkommen i kyrkjelyden!

1. desember 2024
Snorre Kristoffersen
Ellinor Broks Haugen
Hedvig Holmefjord Strønen

8. desember 2024
Olivia Elida, Nils Elias og Emil
Aleksander Kwasniak Haugom
Ada Teodores Storebø
Ingrid Engevik
Birk Meyer Finsås

15. desember 2024
Tiril Skåtøy Nordeide

26. desember 2024
Liva Sundfjord
Theo Strønen Wilhelmsen

5. januar 2025
Mia Hjemdal Tysseland
Anniken Marie Lemvig
Håkon Borgen Rosvold
Jakob Espetvedt
Emily Johansen Paulsberg
Frida Hellevang Hansen

19. januar 2025
Vemund Hoel Johannessen
Tuva Brenne-Johannessen
Jon Nesvold Hove
Ole Garvik
Storm Bagge Jelen

26. januar 2025
Elias Tobiassen Elven
Mienna Bergesen Mo
Loke Aase Kinden

2. februar 2025
Aron Elias Lagunas Eide
Åse Vassel
Lucas Olsen Gjelseng
Ylva Boga Berentzen

7. februar 2025
Ben Nicholai Søviknes-Larsen

9. februar 2025
Penny Mae Maria Sundberg
Jim Aron Bøe Røttingen

16. februar 2025
Jakob Hauge Myre
Sophie Vo Søhoel
Eline Hjertaas Hildrum
Lilly Nordtveit Storum

2. mars 2025
Axel Østhus
Øystein Austevoll Lekven

9. mars 2025
Hjalmar Leandar Tarlebø-Liland Stabben
Thea Kaastad Klakegg
Emilie Bøthun Nybø
Ingeborg Waage Johnsen

## Vigde

### Gratulerer med kjærleiken!

21. desember 2024
Emilie Julia Skjelde & Didrik Wasson Lillehaug

## Døde

Aud Kristiansen
06.04.1952 25.11.2024

Astrid Johanne Haukeland
15.02.1926 25.11.2024

Ove Magne Kallestad
08.09.1960 26.11.2024

Einar Frederic Engelsen
02.05.1946 28.11.2024

Henry Ingvar Midtsæter
06.04.1942 28.11.2024

Kjell Edvin Ølheim
12.12.1975 29.11.2024

Terje Sivertsen
04.05.1948 02.12.2024

Erling Kristoffer Thuen
31.12.1930 03.12.2024

Herbjørn Ingvald Bjørndal
09.07.1933 06.12.2024

Sigbjørn Bergo
28.10.1943 13.12.2024

Inger Margrethe Kopperud
09.03.1932 15.12.2024

Rigmor Særvold
19.08.1931 29.12.2024

Margit Eide
22.08.1923 29.12.2024

Ole Ask
27.01.1954 29.12.2024

Einar Vevatne
08.05.1948 02.01.2025

Arne Kristoffer Haugland
17.09.1927 03.01.2025

Bjørn Rasmussen
31.10.1958 10.01.2025

Ingvild Kristi Hetleflåt
03.04.1943 14.01.2025

Sølvi Haga
23.02.1937 14.01.2025

Reidun Marie Haaland
10.10.1948 15.01.2025

Kåre Johnsen
18.05.1926 20.01.2025

Bjørg Venke Øvredal
12.01.1936 03.02.2025

Knut Øivind Drange
19.09.1933 06.02.2025

Arne Sigmund Vermedal
27.06.1946 10.02.2025

Sissel-Marie Hovden
01.04.1950 11.02.2025

Edith Maria Johnsen
03.07.1930 12.02.2025

Ruth Solberg
26.03.1930 12.02.2025

Rigmor Hauge
05.10.1934 12.02.2025

Kristi Bohnhorst
11.04.1925 13.02.2025

Bjørn Sælen
19.01.1957 16.02.2025

Alvhild Lekven
15.03.1935 22.02.2025

Odd Kristian Bårtvedt
08.06.1947 25.02.2025

Svanhild Henny Lunde
10.08.1936 26.02.2025

Erna Nancy Lekven
21.11.1943 27.02.2025

Lars Terje Røttingen
26.04.1957 28.02.2025

Jonhild Henden Bjørø
27.11.1940 02.03.2025

Gerd Amanda Johannessen
02.06.1940 02.03.2025

Ingrid Askvik
23.07.1940 04.03.2025

Gerd Jacobsen
08.03.1933 06.03.2025

Kjell Magnus Myking
29.08.1963 07.03.2025

Johanna Sofie Aspenes
04.04.1938 08.03.2025

Ruth Bøyum
10.02.2029 08.03.2025

Øivind Jarl Linde
22.08.1938 09.03.2025

Nils Arnved Lothe
01.12.1928 09.03.2025

**Kvil i fred**



# Strikkebasar 22. mars

Takk til alle som har bidratt på basaren med å kjøpe, lodd, årar, bake bollar og lage og gje gevinstar.
Takk og til Søndagssamlingsbandet, Jostein Enger og Gro Helen og Torgeir Skjælaaen for fine innslag på basaren.



Helsing alle damene i "Strikk til Tunet"

| Gevinst | Vinnar |
|---|---|
| Hagestoler | Rune og Kristine Stangeland |
| Dokke med seng og klede | Kjetil Barman |
| Hvit genser | Elinor H. Enstad |
| Teppe (jordfarger) | Wenche Olsen |
| Jakke | Jakob Ytredal |
| Barnegenser blå med mønsterbord | Bodil Duesund |
| Damegenser blå | Noah R. Sælen |
| Pute, stripet | Astrid Enstad |
| Plus plus spill | Mona Venner Solberg |
| Barnegenser lys melert | Solfrid Forstrønen |
| Dobbelt sengesett | Sigrun og Bjørn Dahl |
| Rosa barnegenser | Marianne Padøy |
| Kjøkkenkluter og håndkle | Marta M. Sørbø |
| Badekåpe | Herman Døsen Dahl |
| Gavekort Osbadet | Johanna Enger |
| Lys blå strikkegenser | Lys blå strikkegenser |
| Duk | Irne Hunshammer |
| Barnegenser | Wenche og Agnar Torsvik |
| Lappeteppe | Familien Fjeld |
| Barnegenser grønn | Inger Berge Høvik |
| Strikket rund duk | Kjetil Barman |
| Blå barnegenser m/mønster | Annlaug D. Steinsland |
| Damegenser stripet | Olav Ytredal |
| Spill " Helt enig" | Marianne Padøy |
| Barnegenser hvit m/mønster | Astrid Enger |
| Stilleben maleri, fruktmotiv | Inger Johanne Haugland |
| Barnegenser | Oddvar Sandtorv |
| Lego | Borgfrid og Herman Dahl |
| Grønn genser | Ingunn Hjelle |
| Fana genser barn | Kari Olsen |
| Strikket væske | Stein Ødemark |
| Bilde blomstermotiv | Marit S. Lutro |
| Blå barnegenser | Inger Botnevik |
| Brodert duk | Fam. Leif Drange |
| Blå dame genser | Johanna Enger |
| Strikket babysett | Bodil Duesund |
| Hvit damegenser | Eli Bjånes |
| Blå melert barnegenser | Wenche N. Olsen |
| Maria møy, bilde foto | Inger Nærbø |

## ÅRSMØTE I OS SOKN

### Tunet, torsdag 24. april kl. 19.30

**Framlegg av årsmelding og opent møte for innspel til vegen vidare**




**Vel møtt!**






**Vil du bli medarbeidar i NMS Gjenbruk Os?**

- Liker du å møta menneske?
- Har du nokre timar til overs kvar eller annankvar veke?
- Ønsker du å vera med i eit triveleg fellesskap?

**Ta kontakt med styreleiar Eirik Norheim (971 91 921) eller med ein av medarbeidarane i butikken!**

# Salmeskatten

"Hill deg, Frelser og forsoner" er ein salme for påsketida og langfredag. Ordet «hill» tyder å helsa eller å æra. Det er eit gamalt ord for å uttrykkja respekt og hyllest. Salmen tek utgangspunkt i Jesu lidingshistorie, korset sitt mysterium og frelsa i Jesus. Kvifor måtte Jesus lida og døy for oss menneske? Svaret finn vi i Guds underfulle kjærleik og ufortente nåde gjennom Jesu død på krossen. Jesu liding og død uttrykkjer både hans kjærleik, men òg hans oppgjer med synd og død. I salmen blir Jesus æra som vår frelsar og forsonar.

Teksten er skriven av Nikolaj Frederik Severin Grundtvig i 1837. Han byggjer fritt på ein latinsk hymne av Arnulf frå Louvain frå 1200-talet. Melodien i salmeboka er laga av Caspar Christian Hoffmann i 1878.

## Salme 173 - Hill deg, Frelser og forsoner

1
Hill deg, Frelser og forsoner!
Verden deg med torner kroner,
du det ser: jeg har i sinne
rosenkrans om kors å vinde,
gi meg dertil mot og hell!

2
Hva har deg hos Gud bedrøvet,
og hva elsket du hos støvet,
at du ville alt oppgive
for å holde oss i live,
gi deg til oss fullt og helt?

3
Kjærligheten, hjertegløden
sterkere var her enn døden.
Du for vår skyld alt forsaker,
og i lydighet du smaker
korsets død i alles sted.

4
Akk, nå føler jeg til fulle
hjertets hårdhet, hjertets kulde!
Hva sprang ut av disse fjelle
navnet verdt til å gengjelde,
Frelser, all din kjærlighet?

5
Dog jeg tror: Av dine vunder
vell sprang ut til stort vidunder,
mektig til hver sten å velte,
til et isberg selv å smelte,
til å tvette hjertet rent.

6
Derfor ber jeg deg med tårer:
Led den inn i mine årer,
floden som kan klipper velte,
floden som kan isberg smelte,
som kan blodskyld tvette av!

7
Du som har deg selv meg givet,
la i deg meg elske livet,
så for deg kun hjertet banker,
så kun du i mine tanker
er den dype sammenheng.

8
Ja, jeg tror på korsets gåte
gjør det, Frelser, av din nåde.
Stå meg bi når fienden frister,
rekk meg hånd når øyet brister,
si: Vi går til Paradis!



**Anna Cecilie Norlund Oksavik**
Organist



## STØTT VÅRE ANNONSØRAR!


















Os kyrkjeblad trykkast i over 9000 eksemplar og sendast m.a. til alle heimar i Os.

**Di annonse HER?**

Informasjon og prisar:
**post.os@kyrkja.no eller telefon 56 57 24 00**

# Syng med den stemma du har

På ein fagdag om liturgisk song nyleg, spurde domkantor Kjetil Almenning ei forsamling av prestar kven som har sunge ei kor. Nesten alle responderte at ja, det hadde dei, inkludert underteikna. Når oppfølgingsspørsmålet om kven som syng i kor no kom var responsen merkbart lågare. Berre ei handfull hender ble rekte i veret. «Korfor slutta de?» spurde domkantoren, og lot spørsmålet henga i litt lufta.

Då eg enda nylegare var på fotballkamp på Anfield og såg favorittklubben Liverpool spele mot Southampton kom eg på spørsmålet til domkantoren att. Som på alle kampar på Anfield blei "You´ll never walk alone" av Gerry and the pacemakers spelt over anlegget, og 61000 menneske song med, om lag ei halv takt raskare enn plata. Det var mektig. Rundt meg var det folk av mange nasjonalitetar, ikkje berre engelske eller norske, og eg trur likevel alle kjente på det same: Her høyrer eg heime.

Å syngja saman, enten det er i eit kor på 10 medlemmar, ein fotballsation med 61000 menneske eller på ei gudsteneste der to eller tre er samla, det er fellesskap. Vi høyrer kvarandre, tilpassar oss kvarandre og er saman. Difor trur eg og at lovsong og salmesong er så viktig i gudstenester og møter. Vi tilbed Gud saman i songen. Og trua har dei beste vilkåra i fellesskapet. Det er folk som har fortald meg at dei ikkje syng, for det kan dei ikkje, eller dei er blitt fortald at dei ikkje kan det. Då vil eg alltid seie: Syng med den stemma du har, for det det jo handlar om er livsglede, tru og fellesskap. Musikk og song er noko av det viktigaste vi har som menneske. Alle kulturar har ein form for song og musikk. Korfor slutta eg i kor? Det blei berre slik, dessverre. Men vi kan òg syngja saman på stadion, i kyrkja, i felleskapet der vi er, og kjenna: Her høyrer eg heime. Dette er mitt fellesskap.



**Roar Hallesby Evjedal**
Sokneprest

## Bli med å synge i prosjektkor!

**JAZZMESSE**
av Aasmund Brekke
med lokale musikarar

**29. mai (Kristi Himmelfartsdag)**
**kl. 17.00 i Os kyrkje**

Hjarteleg velkommen til fyrste kor-øving
**MÅNDAG 28. APRIL kl. 18:00-19:30**
(Storsalen i Tunet kyrkje- og kultursenter)
- deretter kvar måndag på samme tidspunkt.

**Vi treng di stemme! Tek du utfordringa?**

**Irina Tarasova**
Kantor
Epost: it698@kyrkja.no
Tlf: 47450606

## Innsamla offergåver sidan 17.11.24

| Dato | Takkoffer til | Beløp |
|---|---|---|
| 17.11.24 | Misjonsprosjektet | kr 5 523 |
| 24.11.24 | Eigen kyrkjelyd | kr 4 352 |
| 01.12.24 | Os KFUK/M-Speidarane | kr 10 641 |
| 08.12.24 | Tunet | kr 4 452 |
| 15.12.24 | Garden of Eden Kenya | kr 6 412 |
| 24.12.24 | Kirkens Nødhjelp | kr 73 895 |
| 25.12.24 | Den norske Misjonsallianse | kr 8 802 |
| 26.12.24 | Stefanusalliansen | kr 4 936 |
| 31.12.24 | CRUX – Vindfanget | kr 4 010 |
| 05.01.25 | Kirkens Bymisjon, Bergen | kr 5 376 |
| 12.01.25 | Norges Kristelige Studentforbund | kr 5 523 |
| 19.01.25 | Misjonsprosjektet | kr 9 923 |
| 26.01.25 | KFUK/M-Bjørgvin | kr 5 965 |
| 02.02.25 | Tunet | kr 4 890 |
| 09.02.25 | Eigen kyrkjelyd | kr 9 245 |
| 16.02.25 | Det Norske Bibelselskap | kr 5 427 |
| 23.02.25 | IKO | kr 5 572 |

Takk for gåvene!

## Tusen takk for gevinstar til Os kyrkjelyd si julemesse 23. november 2024!

**Tusen takk til andre som òg har bidrege med gevinstar til lotteriet:**
Familiekoret ShubaDubs, Ungdomstunet, Oseana, Den Nationale Scene, 1. Os KFUK-KFUM-speidarar, KODE museum, Senior-Koinonia, Heidi Sælen og Inger Kobbeltvedt, KOReDu, Rema 1000 Moberg, Grieghallen, Europris Os, Osbadet, Lill-Karin Wallem, Roar Evjedal m/familie.

DEN NORSKE KYRKJA
Os kyrkjelyd - Tilsette

**Sokneprest**
Roar Hallesby Evjedal
Tlf: 934 42 968 | E-post: re674@kyrkja.no

**Kapellan**
Jostein Enger
Tlf: 975 01 273 | E-post: je886@kyrkja.no

**Prostiprest**
Svante Havåg
Tlf: 922 47 639 | E-post: sh226@kyrkja.no

**Fung. Kyrkjeverje Bjørnafjorden**
**Dagleg leiar Os sokn**
Sigurd Rotvik Tunestveit
Tlf: 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no

**Kantor**
Irina Tarasova
E-post: it698@kyrkja.no

**Organist**
Anna Cecilie Norlund Oksavik
E-post: an785@kyrkja.no

**Diakon**
Ingrid Vik
Tlf: 450 51 212 | E-post: iv588@kyrkja.no

**Konsulent - utleige/resepsjon**
Inger-Johanne Haugland
Tlf: 457 13 710 | E-post: ih985@kyrkja.no

**Konsulent - økonomi/ gravplassforvaltning**
Monica Refsdahl
Tlf: 456 52 830 | E-post: mr346@kyrkja.no

**Frivilligkoordinator, administrativ konsulent**
Ine Sofie Moen
Tlf: 984 06 111 | E-post: im763@kyrkja.no

**Kateket**
Gro Helen Blindheim Skjælaaen
Tlf: 452 78 575 | E-post: gs234@kyrkja.no

**Kyrkjelydsarbeidar, born og familiar**
Sylvi Lundgren
Tlf: 475 04 327 | E-post: sl828@kyrkja.no

**Kyrkjelydspedagog**
Vibeke Stang
E-post: vs653@kyrkja.no

**Ungdomsleiar**
Harald Skoglund Dahler
Tlf: 482 61 164 | E-post: hd973@kyrkja.no

**Prosjektarbeidar "Opne møteplassar"**
Idun Fjeld
Tlf: 482 66 376 | E-post: if594@kyrkja.no

**Driftsleiar**
Kenneth Molland
E-post: km893@kyrkja.no

**Kyrkjegardsarbeidar, kyrkjetenar**
Agnar Midtsæter
Lars Joar Hilleren
Linn Kjerstin Østgulen
Terje Rød

**Kyrkjegardsarbeidar**
Marianne Tveit
Øyvind Dreyer

**Kyrkjetenar**
Marie Hallesby Evjedal

# Barnas



**PRIKK TIL PRIKK**
Teikn ein strek frå prikk til prikk. Kva skjuler seg her?

**FINN FEM FEIL** Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet under?



Teikning: TREVOR KEEN



**KRYSSORD**
Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjå **bibel.no**

1. Dyr i Johannes openberring 4,7
2. Salte dropar i 2. Korintarbrev 2,4
3. Mann i Lukas 5,27
4. Dei som skapar fred i Matteus 5,9
5. Landområde i Johannes 4,4
6. Gåve i Matteus 2,11
7. Landområde i Apos-telgjerningane 21,2
8. Himmelretning i Matteus 8,11


**Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!**

**Desse oppgåvene er henta frå bladet.**

**Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00**





– Doktor, eg trur eg treng briller.
– Det trur eg på! For du er ikkje hos legen, du er på McDonald's.

**Vitsar**

Kvifor har reven pels?
Svar: Den vil ikkje gå i berre underbuksa.



# Kjære lesar!

Har du bladd heilt hit, er du kanskje interessert i ei aktiv og levande kyrkje for alle i Os?

Kan hende er du blant dei mange som bidreg, anten praktisk eller økonomisk, til kyrkjelyden sitt arbeid allereie?
Hugs at du får skattefrådrag for gåver inntil 25000 kroner i året til gode formål. Teiknar du deg som fast gjevar blir dette automatisk registrert om du oppgir personinformasjon.

Bli med å byggje lokalkyrkja ved å gje ei gåve eller bli fast gjevar til Os kyrkjelyd - det kjem mange til gode!

## VIPPS til #786791

eller scann QR-koden:

**På vegne av alle i kyrkja: Tusen takk!**

Kvittering
Innbetaling til konto: 3201 53 26254
Beløp: VALFRITT!
Betalerens kontonummer
Blankettnummer

GIRO
Betalings-frist
Underskrift ved girering

Frivillig gåve til Os kyrkjelyd

Betalt til
Kyrkja vår!

Belast konto
Kvittering tilbake

Kundeinformasjon (KID) | Kroner | Øre | Til konto | Blankettnummer
Til konto: 3201 53 26254

**Os kyrkjelyd**
Postboks 209
5202 Os








**23.-25.juni kl. 09-15**

# Hei, 1. og 2.-klassing!





Likar du å spele på trommer, lage ting i tre eller leire, danse, spele teater eller måle?
Bli med på Skapingsdagane!
Alle born født i 2017 og 2018 er velkomne til tre kreative dagar i Tunet med dyktige kunstnarar.

**BLI MED OG SKAP MED OSS!**

Påmelding på nett: kyrkja.no/os

## Os kyrkje

| | | |
|---|---|---|
| 06.04.25 | 11:00 | Gudsteneste. Fasteaksjonen 2025 |
| 13.04.25 | 11:00 | Gudstjeneste. Palmesøndag |
| 18.04.25 | 12:00 | Langfredagsmesse |
| 20.04.25 | 11:00 | Høgtidsgudsteneste 1. påskedag |
| 27.04.25 | 10:00 | Dåpsgudsteneste |
| | 11:15 | Gudstjeneste |
| 04.05.25 | 10:15 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| | 12:00 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| | 13:45 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| 10.05.25 | 10:15 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| | 12:00 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| | 13:45 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| 11.05.25 | 11:00 | Gudsteneste |
| 17.05.25 | 10:00 | Gudsteneste |
| 25.05.25 | 10:00 | Dåpsgudsteneste |
| | 11:15 | Gudsteneste |
| 29.05.25 | 17:00 | Gudsteneste Kristi Himmelfartsdag |
| 08.06.25 | 11:00 | Høgtidsgudsteneste 1. pinsedag |
| 15.06.25 | 11:00 | Familiegudsteneste. 4-årsbok |
| 19.06.25 | 18:00 | Regnbogegudsteneste |
| **22.06.25** | 11:00 | Gudsteneste |
| **29.06.25** | 11:00 | Gudsteneste |
| **06.07.25** | 11:00 | Gudsteneste |
| **13.07.25** | 11:00 | Gudsteneste |
| **27.07.25** | 11:00 | Gudsteneste |
| **03.08.25** | 11:00 | Gudsteneste |
| **10.08.25** | 11:00 | Gudsteneste |
| **17.08.25** | 11:00 | Gudsteneste |
| **24.08.25** | 11:00 | Gudsteneste |
| **31.08.25** | 11:00 | Gudsteneste |

## Nore Neset kyrkje

| | | |
|---|---|---|
| **06.04.25** | 11:00 | Gudsteneste, Dåp, Nattverd |
| **17.04.25** | 19:00 | Skjærtorsdagsgudsteneste m/kveldsmat |
| **03.05.25** | 10:15 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| | 12:00 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| | 13:45 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| **11.05.25** | 12:00 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| | 13:45 | Konfirmasjonsgudsteneste |
| **25.05.25** | 11:00 | Familiegudsteneste (Messy church) |
| **01.06.25** | 11:00 | Gudsteneste, Dåp, Nattverd |
| **22.06.25** | 11:00 | Familiegudsteneste (Messy church) |
| **24.08.25** | 19:00 | Forbønsgudsteneste, Nattverd |

## Lysekloster kapell

| | | |
|---|---|---|
| 09.06.25 | 11:00 | Gudsteneste 2. pinsedag |
| 17.08.25 | 11:00 | Gudsteneste |

## Friluftsgudstenester

| | | |
|---|---|---|
| 21.04.25 | 12:00 | Friluftsgudsteneste i Smievågen 2. påskedag. Bålkos og grilling |
| **27.04.25** | 11:00 | Familiegudsteneste i Ervikane |
| **25.06.25** | 15:00 | Skapingsgudsteneste (Kyrkjeflaten) |